



"Ser litt klosseaktige ut"

**Det kom ei rekkje sterkt kritiske merknader i forvaltningskomiteen onsdag til dei åtte like husa som nå planleggjast bygt på tomte etter trelastlageret på Eikelandet. Men alle dei ni politikarane sa likevel ja til å gje Uskedalen Eiendomsutvikling AS rammeløyve.**

Dei fekk ros for det av verksemdsleiar og sakshandsamar Tormod Fosheim. Han tykte det hadde vore ein god diskusjon men samstundes hadde politikarane bestemt seg for å la den arkitektoniske friheit vera avgjerande. Den er det ikkje lett å overprøva.

Jostein Grov (SV) hadde innleiingsvis problem med å sjå at det vart plass for alle bustadene og spurde om nokre av dei skulle liggja ute i sjøen. Det skal dei ikkje, vart det opplyst.

Øyvind Hardeland (A) opna kritikken av prosjektet med å utbryta: - Dette ser fælt ut, eg har ikkje lyst til å godkjenna det. Det har ikkje nokon forankring i lokal byggjeskikk..

Liv Iren Brekke (TS) var samd i det: - Dette er lite pent, husa ser ut som byggjeklossar.

Men leiar Tove Lill Lakselv (Frp) var slett ikkje einig: - Prosjektet er litt spanande og vi bør ikkje stoppa det sjølv om det er litt annleis enn vår lokale byggjeskikk, sa ho.

Jostein Grov: - No er eg hamna i ein umogeleg situasjon, for eg er einig med leiaren. Alt kan ikkje sjå ut som Tyskebryggen og vi har sagt ja til ein bustader som har ein enda meir ekstrem utforming. Dette er eit spanande prosjekt sjølv om det ser litt klosseaktig ut på teikningane.

Ingemund Løland (A): Det er ikkje pent, men eg veit ikkje om vi kan stoppa det.

Leiar Lakselv: - Hvis vi vil kan vi stoppa det, men vi kan ikkje begrunna eit nei med at vi tykkjer at dei som står bak prosjektet har dårleg smak. Og vi treng litt tid til å bli vante med det. Har dykk forresten sett det aktuelle tomteområdet?

Øyvind Hardeland: - Alt er betre enn det som var der frå før!

Hans H. Berge (US): Sjølv sagt kan vi, hvis vi vil, stoppa prosjektet og be om nye teikningar.

Men det var det ingen som ville og nå kan sivilarkitekt Ove Grung i Bergen og oppdragsgjevarane hans arbeida vidare mot realisering av prosjektet.

Av Ola Matti Mathisen